



Referat frå omframnt årsmøte

Stad: Osterøy ungdomsskule, aulaen

Tid: 12. april 2011 kl. 20.15.

Frammøte: Det møtte 10 medlem:
Øyvind Litland, Bjarte Vik, Randi Vevle, Åse Bergheim, Ragnhild Balsvik, Tore Langeland, Svein Lohne, Ivar Solberg, Bjarte Lohne, Eystein Markmanrud.

SAKLISTE

- SAK 1 Godkjenning av innkalling og sakliste, og godkjenning av stemmeretten til årsmøtedeltakarane.
Vedtak: Innkallinga og saklista vart einstemmig godkjend. 10 årsmøtedeltakarar er medlem av OIL og har dermed stemmerett.
- SAK 2 Val av ordstyrar, referent og 2 til å underskriva årsmøtereferatet.
Vedtak: Øyvind Litland vart vald til ordstyrar, Eystein Markmanrud vart vald til referent, Randi Vevle og Åse Bergheim vart valde til å underskrive referatet frå årsmøtet
- SAK 3 Låneopptak for kjøp av utstyr til vedlikehald av Osterøy Stadion
Framlegg til vedtak:
Årsmøtet i Osterøy IL gjev styret i OIL fullmakt til å ta opp eit lån på inntil kr 500 000(eks. mva.) med løpetid på 10 år, som skal nyttast til investeringar i utstyr for å kunne utføre naudsynt vedlikehald av grasbana og kunstgrasbana. Årsmøtet viser til saksframlegg frå dagleg leiar, der bakgrunnen for tiltaket er skissert.
- Årsmøtet legg til grunn at styret søker om å få kommunal garanti for lånet. Betjeninga av lånet skal dekkjast av vedlikehaldsmidlane OIL får frå Osterøy kommune. Dersom utgifter til betjening av lånet saman med vedlikehaldsutgiftene går ut over kommunal løyving til vedlikehald skal overskytande utgifter dekkjast av fotball- og friidrettsgruppa.
- Årsmøtet gjev styret, i samråd med dei to involverte gruppene, fullmakt til å vurdere kva utstyr som skal kjøpast inn. Den endelege investeringa, saman med ein fordelingsnøkkel for eventuelle overskytande utgifter, skal godkjennast av dei respektive gruppestyra før utstyr vert kjøpt inn.
- Når det vert klart kva OIL får i vedlikehaldsmidlar frå kommunen skal banenemnda, i samråd med gruppene, så langt råd er leggje ein plan for



OMFRAMT ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSKLAG 2011



vedlikehald som held seg innanfor rammene utan at det går på bekostning av nødvendig vedlikehald.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner dette framlegget slik det står.

SAK 4

Val

➤ Hovudstyret

Leiar: Ragnhild Balsvik	11
Nestleiar: Åse Bergheim	11/12
Controllar: Joachim Borge Solberg	11/12
Skrivar: Eystein Markmanrud	10/11
Styremedlem: Randi Vevele	10/11
Styremedlem: Albert Slettebakken	10/11
Styremedlem: Øyvind Litland	10/11
Styremedlem: John Erik Jørgensen	10/11
Styremedlem: Morten Skår	11

Vedtak: Årsmøtet godkjenner hovedstyret for 2011.

➤ Godkjenning av gruppestyra

GRUPPE	LEIAR	KASSERAR	SEKRETÆR
Fotball	Eirik Bergan	Tore Langeland	Roald Martinsen
Friidrett	Morten Skaar	Ole Johannes Mjøs	Åse Bergheim
Ski	Øyvind Litland	Bernt J Flæsland	Øyvind Litland
Turn	Tor Olav Kalberg	Elin Bergan	Randi Vevele
Sykkel/orientering	Johannes Bysheim	Arild Beckstrøm	Ragnhild Balsvik
Handball	Lars-Erik Haga	Laila Borge	Søgni Evy Skår
”Spretten”	Berit Langeland		

Vedtak: Årsmøtet godkjenner styra i gruppene i Osterøy IL for 2011 slik dei framgår i tabellen.

➤ Valnemnd til hovudstyret

Framlegg til vedtak: Bjarte Vik(leiar), Siri Sunde Tysse, Sylvia Norløff og Linda Skjerping(vara)

Vedtak: Årsmøtet godkjenner valnemnda for 2011 slik den står.

Underskrift: Randi Vevele

Åse Bergheim

Dato

Dato

Referent: Eystein Markmanrud
Lonevåg, 12.04.2011